

REGLEMENT FOR INTERNAT Tryggheim skular – avdeling vidaregåande
--

Vi vil gjerne at internatet skal vere ein god stad for elevane, der det er gode relasjonar mellom dei og alle kjenner ansvar for kvarandre. Guds ord og kristen etikk er grunnlag og norm for liv og arbeid i internatet.

Dei elevane som ikkje kan bu heime, skal som hovudregel bu i internatet. Rektor kan gjere unntak i særskilde tilfelle. Når internatet er fullt, kan tilbod om skoleplass utan internatplass bli gitt til dei eldste elevane.

Skolen ventar at internatelevane deltek aktivt med å byggje opp eit triveleg og godt miljø ved skolen både ved åtferd og orden i arbeid og fritidsaktivitetar.

§ 1 RETTAR OG PLIKTER – GENERELT

- Internatelevane pliktar å gjere sitt for å skape eit godt samarbeids- og fritidsmiljø og gode samarbeids- og samværsformer. Ingen typar av mobbing, diskriminering eller rasisme skal tolererast.
- Internatelevane skal rette seg både etter reglement for Tryggheim skular og reglement for Internat, som er fastsett av styret for skolen.

§ 2 ORDNING FOR FRÅVÆR FRÅ INTERNATET

Grunna brannforskriftene og informasjonsbehovet til føresette gir internatelevar skriftleg melding til tilsynet ved overnatting borte frå internatet. Når elevar skal reise bort i helga, skal det meldast skriftleg torsdagen før. Dei som skal reise andre stader enn heim og vera borte natta over, skal ha skriftleg løyve til dette frå føresette når dei er under 18 år.

Elevar som er borte frå internatet, må vere tilbake før innetid om kvelden eller kome om morgonen før skolen startar. Passar retur til internatet etter heimreise dårleg med togtidene, må elevane i god tid avtale seinare tid med tilsynet i kvart tilfelle.

§ 3 FRAMFERD OG PLIKTER

a) Allment

Internatelevane må ta godt vare på eigne saker og stelle fint med andre sin eigedom. Dei er ansvarlege for inventar og utstyr på rommet sitt.

For å betre tryggleiken har dei ansvar for å halde døra til eige rom låst, og døra inn til internatet låst etter reglementet.

Skolen ser alvorleg på alle former for sabotasje av låsar og misbruk av nøklar.

Ommøblering og bruk av elektrisk utstyr som utviklar varme, skal godkjennast av internat- og driftsleiar.

Skulle ein elev kome i skade for å øydeleggje noko, skal han straks melde frå til internatleiar/driftsleiar/tilsynslærar. Rektor avgjer erstatninga av skaden.

Når det er arrangement på skolen i feriar og frihelger, har skolen rett til å disponere dei elevromma som trengst.

Internatelevar skiftar på å vere ordenselevar for å ta sin del av vask av stover, gangar, toalett og dusjar og gjere kjøkenestene. For elevar som ikkje utfører desse pliktene, vert det trekt kr 100,- av depositumet kvar gong.

b) Røyking og rusmiddel

Tryggheim er ein røykfri skole med forbod mot alle typar røyk og snus på skolen sitt område (jf. tobakkskadeloven § 27). Det gjeld både i skoletida og på fritida. Sjå elevhandboka om ekskursjonar og skoleturar.

Tryggheim skal vere ein skole fri for alkohol og narkotika. Bruk og oppbevaring av rusmiddel er forbode, inkludert flasker, brukarutstyr og tomemballasje. Rusmiddel vil bli beslaglagt. Ved mistanke om rusmiddel, kan skolen be om at nødvendige prøver blir tatt.

Tryggheim får av og til spørsmål om det kan trenast med narkotika-hundar, gjerne saman med elevane. Vi gjer merksam på at det i løpet av skoleåret kan kome narkotika-hundar til skolen og internatet. Dette gjeld og i feriar.

c) Oppslag og dekorasjon av romma

Oppslag ute, i klasserom eller på elevrom i form av innlegg, teikningar og bilete som er diskriminerande for einskildpersonar eller grupper, eller på annan måte verkar etisk nedbrytande, vert fjerna utan varsel. (Det gjeld og Tryggheim Official på Facebook og liknande). Stiftar, klister og anna som gjer skade skal ikkje nyttast på veggane.

d) Låsing

Alle ytterdører til internatet skal vere låste for å hindre uvedkomande tilgang til skolen etter innetid. Alle er ansvarlege for å forvise seg om at internatet er låst ved passering ut og inn. Meld frå til tilsynet dersom dørene ikkje let seg låse.

e) Om brannvernutstyr

Brannvern og god beredskap ved brannalarm har høgaste prioritet.

Tildekking av brann-/røykvarslarar og misbruk av tryggingsutstyr som brannslangar, brannmeldarar, brannsløkkings-apparat, branndører o.l. kan føre til bortvising.

f) Fyrverkeri/eksplosivar

Det er ikkje tillate å oppbevare eller bruke våpenliknande gjenstandar, fyrverkeri, kinaputtar, ammunisjon eller andre former for eksplosivar på skolen sitt område. Bruk/oppbevaring av fyrverkeri på skolen sitt område, kan bli meldt til politiet.

g) Arbeidsro i internatet

Det er lesetid i internat og klasserom frå kl 1530 til 1800 måndag til torsdag. Det skal då vera ro.

h) Gjester

Slekt og vener av elevane er velkomne i inntil tre dagar som gjester til skolen, til vanleg i helgene. Avtale om overnatting skal gjerast med internatleiar i god tid. Den eleven som har gjest(er), har ansvar for at det blir betalt for opphaldet, anten til rekneskapsførar eller til tilsynet.

i) Orden på fellesromma

Elevane må vere nøye med orden på fellesromma og då særleg på fløystovene. Elevane må dele på dette ansvaret etter oppsette lister. Koppar og anna dekketøy på fløystovene må elevane halde sjølv. Internatleiar skal godkjenne dekorasjon av fellesrom i internatet.

j) Lesestoff og underhaldning

Lesestoff, programvare, bilete, filmar o.a. med usømmelig innhald må ikkje finnast i internatet.

Lydanlegg må ikkje nyttast slik at andre vert uroa. Misbruk kan føre til inndraging.

k) Datannettverk

På dei fleste romma er det mogleg å koble til pc/mac/mobilar trådløst mot elevnett. På enkelte internatrom er det og nettverksuttak i vegg, unntatt i Austheim og Nordheim. Elevnettet er primært tenkt for å gjere lekser og ikkje dimensjonert for videostreaming. Det er ikkje lov å setje opp eige trådløst nett, eller montere delingspc-ar/serverar på romma.

§ 4 **DAGSRYTMEN VED INTERNATET**

- Frukost: matsalen vert opna kl 0715. Elevane må kome før kl 0740, for maten vert teken ut kl 0745.
- Elevane må forlate matsalen seinast kl 0755.
- Middag: frå kl 1425, serveringa sluttar kl 1515. Matsalen vert stengd kl 1530.
- Kveldsmat: kl 1830 – maten vert teken ut kl 1850. Matsalen vert stengd kl 1905.
- Fridagar er det frukost kl 1000, middag kl 1330, kaffi kl 1600 og kveldsmat kl 1830.
- Fridagar er det middag med felles start. Desse dagane har tilsynet andakt ved middagsbordet.

Innetid:

- Dagar før skoledag skal elevane vere på eigne rom kl 2300, søndagar på eigen internatfløy kl 2300 og på eigne rom kl 2330 og dagar før fridag på eigen internatfløy kl 0100 og på eigne rom kl 0130.
- Frå inetid om kvelden til etter frukost skal berre elevar som bur der, vere på internatfløyane.
- Det skal vere ro på internatet. Ved bråk eller uorden kan stovene låsast.
- Ordninga for inetid/ro kan stramast inn om det er behov for det.

§ 5 **REAKSJONAR OG FRAMGANGSMÅTE VED BROTT PÅ REGLEMENTET**

Føremålet med reglementet er å auke trivselen og læringsutbyttet til elevane.

Det er difor viktig at reglementet vert respektert. Ved brott på reglementet vil skolen nytte retningslinene nedanfor for iverksetting av tiltak. Elevane skal møtast med respekt og omtanke. Målet er at elevane alltid skal vite kva konsekvensar eit reglementsbrott får, og at dei opplever at tiltaka er rettferdige i høve til kor alvorleg reglementsbrottet er.

A. Ved brott på reglementet kan skolen nytte desse tiltaka:

- Munnleg påtale eller merknad frå tilsette ved skolen
- Avgrensa rett til bruk av utstyr eller opphald på skoleområdet v/ rektor
- Melding til politi ved lovbrott v/ rektor

Tiltak som kan ankast

- Bortvising frå internatet for ein kortare periode eller for resten av skoleåret v/ rektor
- Ankeinstans: Ankeutvalet – frist 5 dagar. Skolestyret oppnemner ankeutvalet.

Anna

- Skolen set karakter for orden og åtferd i internatet. Nedsett standpunkt karakter i orden/åtferd i internatet fører vanlegvis til at eleven ikkje vert teken inn i internatet til nytt skoleår.

B. Framgangsmåte for tiltak ved brott på reglementet

Det vert ført oversikt over brott på reglementet. Desse skal danne grunnlag for karaktersetjing og tiltak.

Det skal førast notat over tiltak, grunngjeving av tiltak og evt. samtalar med elev/føresett.

Syner ein elev alvorlege eller stadige brott på reglementet i internatet, skal administrasjonsleiar kalle han inn til samtale, gje påtale og åtvaring. Dersom ein elev igjen bryt reglementet, skal administrasjonsleiar halde kontakt med vedkommande elev og hans/hennar føresette.

Før bortvising frå internat vert sett i verk, skal administrasjonsleiar varsle dei føresette til umyndige elevar, og så langt det er råd, planleggje gjennomføringa av tiltaket i samråd med dei.

Dersom skolen finn det nødvendig, kan føresette og få melding om tilhøve ved orden/åtferd for ein elev som har fylt 18 år.

C. Eleven sine rettar

- Eleven har rett til å uttale/forklare seg for den som avgjer tiltak.
- Før refsingstiltak som eleven har klagerett på, blir sett i verk, skal skolen vurdere bruk av hjelpetiltak eller mildare straff.

- Eleven har rett til skriftleg grunngjeving av tiltak som han/ho har klagerett på.
- Eleven har rett til opplysningar om klagerett og klagefrist.
- Dersom bortvisinga ikkje er for resten av skoleåret, har eleven normalt rett til å få bortvisinga utsett til etter klagehandsaming.
- Eleven har rett til å ha med føresett eller ein annan person ved møte i utvalet for disiplinærsaker.

Godkjent i skolestyret 23. mai 2017